

SAKSPAPIR

Sak 38/14

Saksnr	Utval	Type	Dato
068/14	Kommunestyret	PS	18.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	14/6394

Forvaltningsrevisjon brannstasjon Lindås kommune

Vedlegg:

Særutskrift 02.09.14 forv rev brannstasjon Lindås konr utval
Lindås kom brannstasjonsrapport endeleg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret ser svært alvorleg på manglande og til dels feil informasjon til folkevalde organ i saka om ny brannstasjon.

Revisjonen har dokumentert den manglande prosjektstyringa som er i Lindås kommune, noko kommunestyret synes er kritikkverdig og alvorleg.

Kommunestyret ser det som viktig at rådmann prioriterer å få etablert rutinar og styringssystem som sikrar at framtidige investeringsprosjekt får ei god planlegging og gjennomføring.

Kommunestyret meiner at prosessen med å etablere ein ny brannstasjon var prega av hastverk, mangelfull informasjon, motstridane opplysningar og manglande dokumentasjon knytt til sentrale avgjerder. Desse manglane i prosessen har etter Kommunestyret si vurdering ført til at etableringa av ny brannstasjon ikkje blei gjennomført i samsvar med krav til god prosjektstyring, eller i samsvar med krava i kommunelova knytt til forsvarleg saksutgreiing og vedtaksoppfølging, eller retningsliner for god internkontroll.

Kommunestyret meiner difor at rådmann må dokumentere overfor kommunestyret at brann- og redningsberedskap er tilfredsstillande ivareteke.

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak.

Kommunestyret - 068/14

KO - behandling:

Deloitte v/Silje Sivertsen orienterte i starten av saka.

Framlegg om endring av siste avsnitt i rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltakog bed rådmannen gjennomføre desse.

Framlegg om tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak, siste avsnitt.

Kommunestyret bed difor rådmann om å leggja fram dokumentasjon påat brann- og redningsberedskap er tilfredsstillande ivaretekemed plassering av brannstasjon på Ikenberget.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Kommunestyret ser svært alvorleg på manglande og til dels feil informasjon til folkevalde organ i saka om ny

brannstasjon. Revisjonen har dokumentert den manglande prosjektstyringa som er i Lindås kommune, noko kommunestyret synes er kritikkverdig og alvorleg.

Kommunestyret ser det som viktig at rådmann prioriterer å få etablert rutinar og styringssystem som sikrar at framtidige investeringsprosjekt får ei god planlegging og gjennomføring.

Kommunestyret meiner at prosessen med å etablere ein ny brannstasjon var prega av hastverk, mangelful informasjon, motstridane opplysningar og manglande dokumentasjon knytt til sentrale avgjerder. Desse manglane i prosessen har etter Kommunestyret si vurdering ført til at etableringa av ny brannstasjon ikkje blei gjennomført i samsvar med krav til god prosjektstyring, eller i samsvar med krava i kommunelova knytt til forsvarleg saksutgreiing og vedtaksoppfølging, eller retningsliner for god internkontroll.

Kommunestyret bed difor rådmann om å leggja fram dokumentasjon på at brann- og redningsberedskap er tilfredsstillande ivareteke med plassering av brannstasjon på Ikenberget.

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak og bed rådmannen gjennomføre desse.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/14	Formannskapet	PS	04.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/2352

Juridisk gjennomgang av saker knytt til Foss Utviklingselskap AS

Vedlegg:

7826803_1_Juridisk vurdering - endelig versjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Advokat frå Thommassen vil legge fram forslag til vidare oppfølging under presentasjonen i formannskapsmøtet 04.09.2014.

Formannskapet - 073/14

FO - behandling:

Adv.firmaet Thommassen AS hadde ei gjennomgang av saka.

Protokolltilførsel frå Ingeborg Askeland-Sp:

Det bør vurderast og drøftast på neste formannskapsmøte om kommunen bør kommed ei orsaking for forvaltningsmessige manglar ved kommunikasjonen med Foss som har ført til forverring av saka. Det bør vurderast om det kan ytast ei form for oppreisning for den belastning saka har vore, ut frå ei etisk vurdering.

Framlegg frå avd.firmaet Thommassen vart delt ut i møtet.

1. Reguleringsplan for gbnr 188/737 ("Thomassentomta").

Forslag til vedtak: *Saka er avslutta frå kommunen si side.*

2. Påpeiking av ulovleg byggearbeid. Klage av 05.01.12., på påpeikingsgebyr i gjerdesaka.

Forslag til vedtak: *Kommunen har trekt tilbake gebyret og faktura er kreditert. Saka er avslutta frå kommunen si side.*

3. Avgift for saksbehandling av bygg. Klage av 04.01.12., gebyr for avslag på rammeløyve i 2004.

Et forslag til vedtak: *Saka er avslutta frå kommunen si side.*

4. Forvaltningsrapporten - intervjureferat. FE sitt krav (i 4 punkt) om revisjon av tilsynsrapporten fra Deloitte.

Forslag til vedtak: *Kommunen er ikkje i besittelse av intervjureferata frå revisjonsrapporten frå Deloitte. Den juridiske vurderinga syner at Foss ikkje har krav på dei nemnte intervjureferata. Dette må Foss bli opplyst om ihht offentlighetslova § 31.*

5. Byggesak 033/02 og sak 234/2. Klage på byggesak frå Reklamehuset.

Forslag til vedtak: *Klagesaka er ferdigbehandla og vil ikkje bli behandla på nytt. Kommunen må gjere i vurdering av om Foss har krav på dekning av sakskostnader etter forvaltningslova § 36 og gjere eit vedtak om dette.*

6. Gjerdesaka.

Forslag til vedtak: *Den juridiske vurderinga konkluderer at gjerdet ikkje er eit søknadspålagt tiltak, kommunen kontaktar Foss for ei avklaring rundt tiltaket slik den juridiske vurderinga skisserer. Innvendingar knytt til Reklamehusets rett til å bruke 188/346 som tilkomst til eigen eigedom, er ei privatrettsleg konflikt som må løysast mellom partane. Dette må kommunen informera partane om.*

7. Parkeringsplassar på gbnr 188/633 - Reklamehuset.

Forslag til vedtak: *Dette er ei sak mellom kommunen og Reklamehuset.*

8. Gjerdesak - forhandlingsutval. Semje mellom FE, RH og Lindås kommune (framlegg til "avtale" av 30.04.10.)

Forslag til vedtak: *Kommunen går ikkje inn på avtalen "Forslag om semje".*

9. Avtale mellom RH og LK om mellombels rett til tilkomst over LK sin grunn.

Forslag til vedtak: *Avtalen er ein privatrettsleg avtale mellom Lindås kommune og Reklamehuset, og ihht den juridiske vurderinga kan ikkje Foss krevje å bli part i den aktuelle avtalen.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

1. Reguleringsplan for gbnr 188/737 ("Thomassentomta").

Saka er avslutta frå kommunen si side.

2. Påpeiking av ulovleg byggearbeid. Klage av 05.01.12., på påpeikingsgebyr i gjerdesaka.

Kommunen har trekt tilbake gebyret og faktura er kreditert. Saka er avslutta frå kommunen si side.

3. Avgift for saksbehandling av bygg. Klage av 04.01.12., gebyr for avslag på rammeløyve i 2004.

Saka er avslutta frå kommunen si side.

4. Forvaltningsrapporten - intervjureferat. Foss Utviklingsselskap sitt krav (i 4 punkt) om revisjon av tilsynsrapporten fra Deloitte.

Kommunen er ikkje i besittelse av intervjureferata frå revisjonsrapporten frå Deloitte. Den juridiske vurderinga syner at Foss ikkje har krav på dei nemnte intervjureferata. Dette må Foss bli opplyst om ihht offentlighetslova § 31.

5. Byggesk 033/02 og sak 234/2. Klage på byggesak frå Reklamehuset.

Klagesaka er ferdigbehandla og vil ikkje bli behandla på nytt. Kommunen må gjere i vurdering av om Foss har krav på dekning av sakskostnader etter forvaltningslova § 36 og gjere eit vedtak om dette.

6. Gjerdesaka.

Den juridiske vurderinga konkluderer at gjerdet ikkje er eit søknadspliktig tiltak, kommunen kontaktar Foss for ei avklaring rundt tiltaket slik den juridiske vurderinga skisserer. Innvendingar knytt til Reklamehusets rett til å bruke 188/346 som tilkomst til eigen eigedom, er ei privatrettsleg konflikt som må løysast mellom partane. Dette må kommunen informera partane om.

7. Parkeringsplassar på gbnr 188/633 - Reklamehuset.

Dette er ei sak mellom kommunen og Reklamehuset.

8. Gjerdesak - forhandlingsutval. Semje mellom Foss Utviklingsselskap, Reklamehuset og Lindås kommune (framlegg til "avtale" av 30.04.10.)

Kommunen går ikkje inn på avtalen "Forslag om semje".

9. Avtale mellom Reklamehuset og Lindås kommune om mellombels rett til tilkomst over LK sin grunn.

Avtalen er ein privatrettsleg avtale mellom Lindås kommune og Reklamehuset, og ihht den juridiske vurderinga kan ikkje Foss krevje å bli part i den aktuelle avtalen.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Saksutgreiing:

Viser til formannskapsmøte 23.05.2013, sak 45/13, med følgjande vedtak:

1. Formannskapet ber kommuneadvokaten ta ei full gjennomgang av saka til Foss Utviklingsselskap AS slik den er blitt orientert om i formannskapet 23.05.2013 pkt. 1 – 9.
2. Den juridiske gjennomgangen skal tilbake til formannskapet som eiga sak.
3. Formannskapet ber administrasjonen om framdriftsplan for saka. Framlegget vert samrøystes vedteke.”

Punkt 1-9 som nemnt ovanfor under punkt 1 lyder som følgjer:

1. Reguleringsplan for Gbnr 188/737 (“Thomassentomta”).
2. Påpeiking av ulovleg byggearbeid. Klage av 05.01.12., på påpeikingsgebyr i «gjerdesaka».
3. Avgift for saksbehandling av bygg. Klage av 04.01.12., på gebyr for avslag på rammeløyve i 2004.
4. Forvaltningsrapporten – Intervjureferat. Foss Eiendom sitt krav (i 4 punkt) om revisjon av tilsynsrapporten frå Deloitte.
5. Byggesak 033/02 og sak 234/2. Klage på byggesøknad frå Reklamehuset.
6. Gjerdesaka.
7. Parkeringsplassar (på Gbnr. 188/633) Reklamehuset.

Foss Eiendom ber kommunen i tillegg ta stilling til følgjande saker:

8. Gjerdesak - forhandlingsutval. Semje mellom Foss Eiendom, Reklamehuset og Lindås kommune (framlegg til ”avtale” av 30.04.10.).
9. Avtale mellom Reklamehuset og Lindås kommune om mellombels rett til tilkomst over kommunen sin grunn.

Advokatfirmaet Thommessen, kommunens eksterne juridiske samarbeidspartnar, har gjennomført den juridiske utgreiinga.

Vurdering:

Advokaten frå Thommessen vil gå gjennom den juridiske utgreiinga på formannskapsmøtet 04.09.2014, og vil kome med konkrete forslag til korleis kommunen skal følgje opp saka vidare.

Bent Gunnar Næss

Fra: Sundsbo, Oddvar (NO - Bergen) <osundsbo@deloitte.no>
Sendt: 22. oktober 2014 12:01
Til: Bent Gunnar Næss
Emne: FW: Utløysing av opsjon - revisjon

Hallo!

Viser til dagens telefonsamtale vedrørende bruk av opsjonen i vår revisjonsavtale.

Oversender vedlagt melding fra Janne Sund om forlengelse av avtalen til 30.06.2015

Mvh
Oddvar Sundsbo
Former Partner | Audit & Advisory
Deloitte AS
Mobile: +47 901 57 747
www.deloitte.no

From: Janne Sund [<mailto:Janne.Sund@lindas.kommune.no>]
Sent: 12. juni 2014 09:29
To: Sundsbo, Oddvar (NO - Bergen)
Cc: Ørjan Raknes Forthun
Subject: Utløysing av opsjon - revisjon

Hei Oddvar

Eg stadfester med dette at Lindås kommune løyser ut opsjonen på eit år, slik at avtale om revisjon mellom Lindås kommune og Deloitte gjeld til 30.06.2015.

Med venleg helsing

Janne Sund
Økonomi- og budsjettsjef



LINDÅS KOMMUNE

☎ 56 37 54 69

📠 97 51 67 43

janne.sund@lindas.kommune.no

Disclaimer:

This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.